



## Årsmelding Sunnfjord kulturråd 2021

### Medlemmar og generell informasjon

Sunnfjord kulturråd er ein ung organisasjon og har per i dag 37 medlemmar, med alt frå KFUK-KFUM til dansepedagogar, korps og einskildpersonar innan kunst og musikk. Medlemmane er fordelt på følgende måte:

- Organisasjonar: 27
- Einskildpersonar: 10

Styret er set pris på mangfaldet i medlemsmassen. Vi meiner det kan gjerast eit arbeid for å invitere endå fleire inn i kulturrådet.

### Styret sitt arbeid i perioden

Styret har sidan skipingsmøtet, 25. mai 2021, gjennomført:

- 9 styremøter
- 3 møter med Sunnfjord kommune
- 2 møter for å initiere aktivitetar knytt til Frivilligheitsåret 2022
- 2 møter med Bergen Amatørkulturråd, Askøy kulturråd og andre kulturråd i vår region

Vi takkar billedkunstnar Astrid Wittersøe som har designa logo for Sunnfjord kulturråd til mellombels bruk.

### Oppfølging av handlingsplan

I skipingsmøtet var det lagt fram ein handlingsplan av interimstyret, som noværande styret har jobba ut ifrå i denne perioden.

## **1. Samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune:**

I følge vedtekene skal SKR vere eit interesse-, samordnings- og samhandlingsorgan for kulturlivet i heile Sunnfjord kommune. Herunder:

- Synleggjere behov kulturlivet har for lokale, utstyr og generelle rammevilkår
- Vere Sunnfjord kommune sitt fagråd for kulturlivet, som skal bidra til at politisk og administrativt nivå har oppdatert kulturinformasjon
- Vere hørings-/uttaleinstans i politiske saker som gjeld kulturlivet

For å vere i posisjon til å handsame dette, gjekk vi tidlig i dialog med Sunnfjord kommune v/ kommunalsjef for kultur og idrett. Etter innleiande møte vart det sendt forslag til samarbeidsavtale mellom Sunnfjord kulturråd og Sunnfjord kommune. Denne avtalen vart signert 7. oktober av Sunnfjord kommune v/ kommunedirektør Ole John Østenstad og leiar i Sunnfjord kulturråd Svein Inge Bjørkedal.

Dialogen med administrasjonen i kommunen har vore god. Vi takkar kommunen som har stilt med sekretær v/ Bengt Johan Bengtsson og lokale i Førdehuset til møta våre.

I møte med kulturråda i Bergen og Askøy, fekk vi råd om at det er nyttig å vere tidlig ute i politiske prosessar, for å kunne påverke desse på best mogleg vis. Kulturrådet er etablert som høyringsinstans, og er på postlista til kommunen ved aktuelle saker. Vi har likevel eit forbettringspotensiale i å etablere ein god dialog og møte det politiske miljøet i kommunen, herunder fagutval, formannskap, leiing og folkevalde for øvrig.

Sunnfjord kulturråd er løyvd kr 13.000 frå kommunen i driftstilskot for 2021.

## **2. Førdehuset som Kulturhus**

I 2021 vart det gjennomført ein innspelsrunde for kva som skal skje med Førdehuset i framtida, etter at Teater Vestland flyttar til nytt hus i 2023. Kommunen tok imot innspel frå innbyggjarane. I tillegg sende vi ut vår eiga kartlegging for tilbakemeldingar frå våre medlemmar. Desse vart sendt til kommunalsjef for kultur og idrett, Hilde Bjørkum og arkitektane som skulle utføre moglegheitsstudien for kommunen.

Styret har fått presentert resultatet av denne moglegheitsstudien og kommunisert denne ut vil våre medlemmar. I tillegg har vi fått informasjon om prosessen fortløpande av Sunnfjord kommune v/ Bengt Johan Bengtsson.

Planane for Førdehuset er framleis under arbeid og det vil vere viktig for SKR å følge opp saka vidare.

## **3. Sunnfjord kommune og Sunnfjord Cafe og Catering**

Sunnfjord kulturråd har vore i dialog med kommunen om leigeavtalen mellom Sunnfjord kommune og Sunnfjord Cafe og Catering. Det har vore viktig å få fram ei

god løysing ved større arrangement. Dette er presisert i avtalen og lagt eit godt grunnlag for t.d. Landsfestivalen i gammaldansmusikk, som skal arrangerast i Førde i 2023.

#### **4. Rekrutteringsarbeid og synleggjering av kulturmangfaldet i Sunnfjord kommune**

2022 er frivilligheita sitt år. SKR har i samband med dette gjort følgjande arbeid:

##### **Frivilligkonferansen, september 2022.**

Som ein del av rekrutteringsarbeidet planlegg SKR gjennomføring av konferanse for frivillige lag og organisasjonar. Det er løyvd midlar av kommunen og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Sunnfjord Idrettsråd invitert til å delta på konferansen.

##### **Vår dag – folkemusikken og -dansens dag 16. juni**

Vi har initiert eit samarbeid mellom spelemannslaga i Sunnfjord, Sunnfjord kulturskule og Førdefestivalen. Dette har resultert i ein skuleturné med Ole Nilssen og Ingrid Schei Stuhaug, som vert gjennomført 9. – 10. juni ved skulane i Vassenden, Viksdalen, Flatene og Naustdal. Dette er ei oppbygging til fellesmarkering av «Vår dag» 16. juni ved Elvetorget.

##### **Andre tiltak:**

Vi har oppmoda våre medlemmar om å stille i 17. mai-tog med sine lag og organisasjonar. Det er planlagt felles banner for Sunnfjord kulturråd i 2023, som ev. vert produsert av Midtre Sunnfjord Husflidslag.

SKR har også delteke i felles møter med Sunnfjord kommune, Sunnfjord idrettsråd og Frivilligsentralen om andre prosjekt og arrangement i samband med Frivilligheitsåret 2022.

#### **5. Etablering av Vestland kulturråd**

Gjennom møter med Bergen Amatørkulturråd og Askøy kulturråd er vi involverte i eit forprosjekt om å skipe eit kulturråd på regionalt nivå – Vestland kulturråd. Styret stiller seg positive til dette arbeidet og vil framleis følge dette opp. Sunnfjord kulturråd v/ Svein Inge Bjørkedal deltok digitalt på møte på Voss, for å presentere Sunnfjord kulturråd og diskutere korleis eit ev. regionalt råd bør vere organisert.

Signatur:

-----  
Leiar

-----  
Nestleiar

-----  
Sekretær